

Kvernaneset

Konsekvensutgreiing for Stord kommunale eigeedom KF

Innhold

1	Bakgrunn	2
2	Miljø	2
2.1	Forureining - ledningsnett og støy	2
2.2	Naturmiljø	2
2.3	Friluftsliv	3
2.4	Strandsone	3
2.5	Kulturminne og kulturmiljø	3
2.6	Landskap	3
2.7	Jordressursar	5
2.8	Energi	5
3	Samfunn	5
3.1	Transportbehov	5
3.2	Senterutvikling og utbyggingsmønster	6
3.3	Folkehelse	6
3.4	Barn og unge sine oppvekstvilkår	6
3.5	Infrastruktur	7

1 Bakgrunn

Eigedom: Gnr. 19 Bnr. 5/2

Status i gjeldande plan: LNFR-område utan bestemmelse om spreidd utbygging.


Føreslege regulert til: Område for bustader.

Arealet er basert på innspel frå Stord kommunale eigedom KF. Utbygger ønskjer å legge til rette for bustadfelt i eit område i nordre del av Nordbygdo.

Området ligg langs sjø med grense mot Fuglavika i sør, og strekk seg om lag 780 meter nordover med varierende avstand 160-240 meter frå sjølinje, sjå figur 1-1. Eigedomen er på 144 960 m². Topografisk varierer området mellom 0-30/35 moh. Landskapsmessig er området dominert av furuskog og nakne fjellknausar langs sjø. Landskapet nord og vest for tiltaksområdet er utprega skogsområde med eit mindre dyrka areal og utmarksområde langs E39. Bustadområdet Grov ligg om lag 500 meter nord for tiltaksområdet.

I gjeldande kommuneplan er eit område langs strandlinja avsett til friområde, sjå figur 1-1. Dette området utgjer 49 prosent av eigedom 19/5(2).

Kvernaneset var også ein del av konsekvensutgreiinga for nytt ferjesamband Stord-Kvinnherad og lokalisering av ferjeleie på Stord. Statens vegvesen (2008) konkluderte mellom anna med at Kvernaneset skil seg ut som det mest aktuelle alternativet for nytt ferjeleie. Pågåande politisk handsaming peikar likevel på anna alternativ enn Kvernaneset.



Figur 1-1. Utsnitt arealdel av kommuneplan 2004-2015. Eigedom 19/5(2) markert med gul farge, inkludert regulert friluftsområde vist med grøn farge. (Kjelde: Fonnakart).

2 Miljø

2.1 Forureining - leidningsnett og støy

Området kan kople seg på nytt VA-leidningsnett i samband med Rommetveitvegen, sjå punkt 3.6. Ei eventuell utviding av området i retning vest vil måtte ta omsyn til støyproblematikk i forhold til trafikk langs E39.

Konsekvens: Ingen

2.2 Naturmiljø

I samband med kartlegging av biologisk mangfald er det ikkje registrert verneverdiar i området. Hovudrapport for konsekvensutgreiing for nytt ferjeleie på Stord (Statens vegvesen, 2008) omtalar Kvernaneset slik: "Ingen inngrepsfrie område (INON-område) ved Kvernaneset og ingen delar av området har urørt preg. Arealet er avmerkt som friluftsområde i kommuneplanens arealdel. Det er ingen prioriterte naturtypar i influensområdet. Følgjande vegetasjonstypar finst (der ingen er trua): strandberg, blåbærskog, fattig sumpskog, røsslyng-blokkebærfuruskog og eittårig melde-tangvoll. Ved E39 er eit innmarksområde. Artssamansettinga består av vanlege og vidt utbreidde dyr- og planteartar. Ingen særskild geologi eller lausmassar."

Konsekvens: Negativ

2.3 Friluftsliv

Det er ikkje registrert stiar innafor området. Ein traktorveg går om lag 330 meter nordover frå Rommetveitvegen. Søndre del av regulert friluftsområde er i bruk som rekreasjonsområde. I Høybyvika er det mellom anna gode forhold for bading, sjå figur 2-1. Utbygging vil redusere potensialet for friluftsliv i området som fell utanom regulert friområde. Samstundes opnar utbygging opp for betre tilgang til friområde og strandsona, med utgangspunkt i ei vurdering av friområdet som mindre sårbart og i stand til å tåle eit større brukartrykk.

Konsekvens: Negativ/Ingen



Figur 2-1. Høybyvika, strandsona langs søndre del av friluftsområdet.

2.4 Strandsona

Utbyggingsområdet vil gi god tilgang til strandsona. Det kan vurderast å nytte eksisterande traktorveg som naturleg avgrensing til strandsona, sjølv om delar av traktorvegen ligg innafor 100-metersbeltet. I samband med rullering av kommuneplan er grense for funksjonell strandsona¹ føreslege å følgje grense for eksisterande friområde, sjå figur 1-1.

Konsekvens: Ingen/Negativ

2.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert bygningar frå før 1900 i området. Eit naust frå første halvdel av 1900-talet er lokalisert på Kvernaneset, sjå figur 2-2. Dette ligg i strandsonabeltet, og vil ikkje ha konsekvens for utbyggingsområdet.

Det er inga automatisk verna kulturminne i området.

Konsekvens: Ingen



Figur 2-2 Eldre naust på Kvernaneset.

2.6 Landskap

Hovudrapport for konsekvensutgreiing for nytt fergeleie på Stord (Statens vegvesen, 2008) skildrar Kvernaneset som heilskapleg samansett og ein del av eit samanhengande grøntområde med tett furuskog og nakne fjellknausar langs sjø. Rapporten trekk fram det nye slamanlegget som har ført til store inngrep og trekkjer ned heilskapsinntrykket, sjå figur 2-3. Sett frå sjøsidea er likevel området stort sett urørt. Statens vegvesen vurderer landskapet til å ha middles verdi.

¹ Ikkje politisk handsama per dato.




Figur 2-3 VA-anlegg til sjø. Sjå også kart i figur 3-1.

Topografisk varierer området mellom 0-30/35 moh. Tiltaksområdet vil ha om lag same kotehøgde som Grov. Utbyggingsområdet ligg solrikt til i retning sør og aust.

Landskapsformene er hovudsakleg småkupert terreng med skrånande profil mot sjø. Figur 2-4 og 2-5 syner utflating av terrenget etter om lag 100-130 meter, eller vest for traktorveg langs grense for friområde. Eksponering av byggjefelt frå sjø vil mellom anna vere avhengig av byggjehøgde og tomteplassering i området. Området er ikkje eksponert frå E39.



Figur 2-4. Simulering av terrengprofil, perspektiv i retning sør-vest. (Kjelde: www.norgei3d.no).



Figur 2-5. Landskapsprofil i området som viser skrånande terreng med utflating etter om lag 130 meter. (Kjelde: Geodata AS)

Konsekvens: Negativ

2.7 Jordressursar

Området utgjør i hovudsak furuskog med høg og særleg høg bonitet (www.skogoglandskap.no). Omdisponering av arealet vil fjerne grunnlaget for framtidig skogbruksdrift på arealet. I ein større samanheng er likevel omdisponeringa av mindre omfang og på eit avgrensa areal med mindre verdi for skogbruksdrift i Stord kommune. Skogbruksressursane i Stord kommune er i stor grad knytt til areal vest for E39.

Det er ikkje dyrkbar jord i området. Næraste dyrka mark er sør for området, og vil ikkje bli direkte influert av utbyggingsområdet. Beiteområde er også lokalisert til område vest for E39.

Konsekvens: Negativ/Ingen

2.8 Energi

Området må tilknyttast eksisterande energiforsyning. Utbyggingsform kan redusere energibehov og påverke grad av klimagassutslepp.

Konsekvens: Ingen

3 Samfunn

3.1 Transportbehov

Kvernaneset ligg nært både E39 og Rommetveitvegen. Næraste busstopp er ved Førlandskrysset langs E39. Det er lokalt bussamband sørfrå frå busstopp/snuplass ved HSH/Rommetveit skule. Rute 700 går vidare nordover via Førlandskrysset og til Jektevik. Busshaldeplass ved Førlandskrysset gir også tilgang til både lokale ruter langs E39 og gjennomgåande ruter som Kystbussen. Ei utbygging av området vil måtte føre til revidering av infrastruktur relatert til både betra rutetilbod og meir føremålstenleg plassering av busshaldeplass.

Ei utbygging av Kvernaneset vil opne opp for bygging av gjennomgåande veg nordover til Grov. Innbyggjarar på Grov kan med dette unngå E39 som ferdselsåre til Rommetveit og sørover.

Avkjørsel er etablert til eksisterande parkeringsplass i samband med bygging av slamavskiljar.

Konsekvens: Positiv

3.2 Senterutvikling og utbyggingsmønster

I planprogrammet for rullering av kommuneplanen for Stord kommune er det sett fokus på utvikling av bydelar/lokalsenter i kommunen. I tillegg til Leirvik, som det naturlege bysentrum, er det lista opp fire aktuelle bydelar/lokalsenter: Heiane/Eldøy/Kårevik, Sagvåg/Litlabø, Nordbygdo og Huglo.

Området kring Prestagardsskogen peikar seg ut som ei naturleg lokalisering av eit bydelssenter i Nordbygdo. Eit nytt bustadfelt i området Kvernaneset vil liggje rimeleg nær eit slikt senter, med om lag 3,5 km køyreavstand.

Med omsyn på skulestruktur er Kvernaneset lokalisert om lag 1,5 km frå Rommetveit skule. Det er i dag to grunnskular i Nordbygdo, Hystad og Rommetveit skule. Skulebruksplanen i Stord kommune refererer til eit større press på Hystad enn Rommetveit skule. Utbygging av Kvernaneset vil vere eit positivt bidrag for å utnytte den tilgjengelege kapasiteten ved Rommetveit skule.

Tilrettelegging for bustader i tiltaksområdet kan bidra til å lette utbyggingspress i meir sentrale delar av Nordbygdo. Dette vil også bli forsterka ved ei eventuell seinare utviding av tiltaksområdet i retning E39 og Grov. Spørsmålet kring eventuell utviding er likevel ikkje gjenstand for analyse her.

Konsekvens: Positiv

3.3 Folkehelse

Området har god tilgang til natur, både langs sjø og nærleik til fjellområde.

E39 har høg grad av trafikk med tilhøyrande støy- og trafikktryggleiksproblematikk. Likevel vil moment som rimeleg god avstand til E39 og nyleg utbetra vegbane og gang- og sykkelveg langs Rommetveitvegen redusere potensielle negative helsemessige konsekvensar.

Konsekvens: Positiv

3.4 Barn og unge sine oppvekstvilkår

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge set krav om at areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge skal vere tilfredsstillande sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. I tillegg skal det setjast av tilstrekkelege, store nok og eigna areal.

Med planlegging frå grunnen av vil det vere gode høve for å leggja til rette for planlagt arealføremål, og gjere tilpassingar som gagnar målgruppa. Det er føresett at området vert opparbeidd i samsvar med teknisk norm i Stord kommune med omsyn på uteareal og leikeplassar.

Per 1.1.2010 er det 5565 innbyggjarar i Nordbygdo (tal frå tilhøyrande grunnkrinsar²). Dette utgjer 31,5 prosent av folkemengda i Stord kommune og gjer Nordbygdo til den største bydelen målt i talet på innbyggjarar. Til samanlikning har Leirvik 25,3 prosent, Sagvåg/Litlabø 20,6 prosent, Heiane/Eldøy/Kårevik 14,4 prosent og Huglo 0,7 prosent av folketalet.

Nordbygdo har også flest unge i alder 6-12 år, målt i absolutte tal. Sosiodemografiske analysar basert på grunnkrinsnivå viser at Nordbygdo mellom anna er den bydelen med høgast inntektsnivå, formue og utdanningsnivå på Stord. Samla sett indikerer dette gode føresetnader for barn sine økonomiske, sosiale og kulturelle oppvekstvilkår.

Tilbod i området for barn og unge

I Nordbygdo er det gode private og offentlege tilbod med omsyn på barnehage, skule, kulturtilbod, idretts- og friluftsliv. Etablerte barnehagar er Dalen barnehage, Prestagardsskogen barnehage, Sævarhagen FUS barnehage og Villvettete Friluftsbarnhage (lokalisert på Hystad og Rommetveit).

² Håvåsen, Ådland, Hystadvikjo, Sævarhagen, Tyselio, Haga, Økland, Knappane, Lunde, Agdestein.

Skuletilbod er relatert til Hystad skule, Rommetveit skule og Nordbygdo ungdomsskule. Av kulturtilbod kan nemnast tilgang til bibliotek på Nordbygdo ungdomsskule, i tillegg til vanleg tilgang til skulebiblioteka ved Hystad og Rommetveit. Ungar i Nordbygdo har vidare tilgang til to lokale skulekorps, Rommetveit skulekorps for elevar ved Rommetveit skule og Stord skulekorps for elevar ved Hystad skule (delt med Leirvik skule). Forsamlingslokalet Samhald vert nytta til ymse lokale arrangement.

Idrettslege aktivitetstilbod for barn og unge er først og fremst knytt til Prestagardsskogen idrettspark. Idrettslaget Trott har eit breitt tilbod innafor fotball og har tilgjenge til både gras- og kunstgrasbane. Den nyleg opna Nordbygdohallen gir høve til andre aktivitetar som volleyball, handball og andre uorganiserte aktivitetar. I Prestagardsskogen er det også lokalisert innandørs skytebane for pistolskyting. Helsesportløypa i Prestagardsskogen er eit tilbod mellom anna for eldre og funksjonshemma. I samband med hestesportløypa er det etablert eit alternativt miljø for ungdom med andre interesser enn idrett. Golfbanen er også eit lokalt tilbod, men som først og fremst fremjar aktivitet i eldre aldersklassar.

Avstand frå Kvernaneset til Rommetveit skule er om lag 1,5 km. Med nyopprusta veg kan skuleungar no nytte gang- og sykkelveg heilt fram til skulen.


Det er i hovudsak positive konsekvensar og ringverknader for born og unge av planlagt arealføremål i Kvernaneset. For denne målgruppa er området vurdert som godt eigna.

- + Området har svært god tilgjenge til attraktive og varierte natur- og kulturområde
- + Barne- og ungdomsskule og barnehagar er i relativt kort avstand
- + Sikker skuleveg
- Det er ikkje gjennomført barnetråkk undersøkingar i området. Område innafor planområdet som er nytta av born og unge i dag er såleis ikkje kartlagt.

Konsekvens: Positiv


3.5 Infrastruktur

Det er nytt VA-leidningsnett i samband med utbetring av Rommetveitvegen, sjå figur 3-1. Ny slamavskiljar er bygd med kloakk og vassleidning til Fjellgardane og Rommetveit. Det er utslepp i sjø. Vassleidning er vidareført til Huglo.



Figur 3-1. Leidningsplan VA, Kvernaneset (Kjelde: Stord kommune, Tekniske tenester)

Konsekvens: Ingen



Borggata 8 5404 Stord
Tlf.: +47 53 40 41 80
E-post: post@akvator.no
www.akvator.no